

Orientering om masterprogram i kinesiske studium, Institutt for framandspråk

Fagmiljøet i kinesisk ved Institutt for framandspråk søker om å opprette eit masterprogram i kinesiske studium (MAHF-KIN) med oppstart hausten 2022. Søknaden er sendt til UiB Læringslab innan deira frist 30. april.

Masterprogrammet i kinesiske studium er laga for å adressere det aukande behovet hos tidlegare og neverande studentar for å vidareutvikle sin kompetanse og læring innanfor kinesiske studium. Programmet har vore jamt over populært sidan det blei oppretta i 2012, og dei siste fem åra har bachelorprogrammet i kinesisk tatt opp om lag 30 studentar kvart semester. Tala for meldte studentar til emna på 100-nivå ligg på rundt 50 studentar. Interessa for faget er stor, og i undersøking gjort blant neverande studentar på programmet er det fleire som viser interesse for eit masterprogram i kinesiske studium ved UiB. Det er og aktuelt å rekruttere studentar utanfrå Bergen, til dømes internasjonale studentar eller studentar med bachelorgrad i Kinesisk med Kina-studier fra UiO.

Om studieprogrammet

Fagmiljøet i kinesisk ønskjer seg eit tverrfagleg studieprogram, der tverrfaglegheita kjem både frå fagmiljøet sjølv (lingvistikk, litteratur, filosofi, omsetjing, samfunnstilhøve) og frå samarbeid med andre institutt/fakultet.¹ Fagmiljøet i kinesisk består av 3,5 faste stillingar, og fagmiljøet har no ein post.doc. i tillegg. De kan sjå oversikt over fagmiljøet nedst på denne nettsida:

<https://www.uib.no/fag/kinesisk>

Masterprogrammet i kinesiske studium skal førebu studentar for yrke i sektorar med behov for kompetanse om Kina. Døme på dette kan vere innanfor forsking, undervisning, formidling og i nasjonalt og internasjonalt næringsliv. Gode ferdigheter i språk, litteratur, kultur og samfunn bygger bruver mellom land og mellom næringsforetak. Gjennom studiet vil studentane få direkte kontakt med kjelder på kinesisk, som vil auke språknivået i kinesisk og vil gje studentane ein nøkkelkompetanse for arbeid med/om Kina.

MAHF-KIN blir lagt opp som eit fulltidsstudium over to år, der studentar tar 60 studiepoeng i emne i kinesisk (der 10 studiepoeng forhåpentlegvis kan vere valemne tatt ved andre institutt/fakultet på UiB) og der 60 studiepoeng blir via til masteroppgåva, på same vis som dei fleste andre masterprogram ved HF. Sjå neste side for oversikt over emna som inngår i studiet og struktur på programmet.²

Ønska opptakstal på MAHF-KIN er fem studentar, og det er snakk om å ta opp studentar til programmet kvart andre år.

Handlingsplan for UiB og Kina

Universitetet i Bergen har ein eigen handlingsplan knytt mot samarbeid med/om Kina: «[UiB og Kina Handlingsplan 2018-2022](#).» Eit masterprogram i kinesiske studium vil slå positivt ut for innsatsområde B i denne handlingsplanen – «UiB skal ha et ledende utdannings- og utvekslingstilbod med Kina.» MAHF-KIN ønskjer og å knytte sterkare band til nordiske nettverk som [Network for Asian Studies](#), [Nordic Association of China Studies](#) og [Sino-Nordic Gender Studies Network](#) og fagmiljøet har oppretta dialog med nettverka for å undersøke moglege samarbeid.

¹ Fagmiljøet i kinesisk er i kontakt med andre miljø på UiB med spørsmål om framtidige MAHF-KIN studentar kan ta emne ved andre institutt fakultet som valemne i programmet. Dette er enno uavklart.

² Fagmiljøet undersøker om det er mogleg med utveksling i 2. eller 3. semester. 2. semester er det mest «vanlege.»

Studieprogramtabell

Time	Credits/Subjects		
Semester 1 Autumn	15 stp. KIN 301 Topics in Chinese Applied linguistics	15 stp. KIN 303 Research Methodology in Chinese Studies	
Semester 2 Spring	10 stp. KIN 302 Topics in Chinese Sociolinguistics	10 stp. KIN 304 Topics in Chinese Literature, Philosophy, Media, and Art	10 stp. Recommended electives: KIN 305 Intercultural Competences / LING 311 Metode for språklege mastergrader/ JUS292-2-An Introduction to Chinese Law
Semesters 3 & 4 Autumn/Spring	60 stp. KIN 350 Master's thesis Possible overseas exchange studies in Semester 3 at universities in Greater China		

NB! Søknaden er skriven på engelsk, og tabellen over fins foreløpig kun på engelsk.